

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 08.01.2021

Vår ref.: 202013920-5

Arkiv: 311

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Bård Andreas Selstad Ottesen

93067434 / baso@nve.no

Høyring av søknad om løyve til uttak av vatn og regulering av Dam Skipavika i Gulen kommune i Vestland

NVE har motteke ein søknad frå Skipavika Næringspark AS, datert 16.12.2020, om løyve til uttak av vatn og regulering av Dam Skipavika på Sandøya i Gulen kommune. Søknaden med vedlegg er lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den blir kunngjort av NVE i Avisa Nordhordland. Dersom du ønskjer papirutgåve av søknaden kan du ta kontakt med Lars Hellandsjø på tlf. 917 42 950 eller e-post: lars@skipavika.no.

Kva gjer du viss du ønskjer å uttale deg?

NVE ser helst at uttalar vert sendt elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som råd, og seinast innan

19.02.2021.

Det er også mogleg å sende uttalar per e-post til nve@nve.no og per post til NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Dersom de har problem med å rekke høyringsfristen på grunn av koronaviruset ber vi om at de snarast tek kontakt med saksbehandlar og søker om utsett høyringsfrist. De kan også finne informasjon om fristar på nettsidene våre: <https://www.nve.no/nytt-fra-nve/andre-nyhetssaker/nves-frister-gjelder-som-normalt-soknader-behandles-enkeltvis/>.

Uttalen eller delar av uttalen vil bli referert i eit endeleg vedtak. Dersom uttalen er lang, er det difor ein fordel om det vert laga eit samandrag som kan brukast til dette.

Informasjon til høyringspartane

Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Vi viser til vedlagt informasjonsark, som forklarar saksbehandlinga frå søknaden blir sendt på høyring og fram til endeleg vedtak. Her står det også kva vi ønskjer tilbakemelding om.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Skildring av tiltaket

Skipavika Næringspark AS søker om konsesjon for regulering og uttak av vatn til Viking Aqua sitt planlagde oppdrettsanlegg i Skipavika Næringspark på Sandøya i Gulen kommune. Oppdrettsanlegget er eit landbasert smolt- og matfiskanlegg, og er planlagt med ein årleg produksjon på 33.000 tonn. Det skal nyttast ferskvatn fram til fisken er ca. 100 gram.

For å sikre ein stabil tilførsel av ferskvatn ynskjer Skipavika Næringspark AS å bygge eit lokalt vassforsyningsbasseng, Dam Skipavika, som kan levere delar av råvatnet til det planlagde oppdrettsanlegget. For å kunne realisere dette må det byggast ein dam som demmer opp eit område kring ein bekk og eit lite tjern som ligg i nærleiken av det planlagde smolt- og matfiskanlegget. Det er planlagt eit anlegg for avsalting av sjøvatn for å dekke det resterande behovet for ferskvatn.

Det vert søkt om å få regulere magasinet Dam Skipavika med 9,5 meter mellom høgste regulerte vasstand (HRV) lik 25,0 moh., og lågaste regulerte vasstand (LRV) lik 15,5 moh. Det vert søkt om å ta ut maksimalt 100 l/s frå magasinet, og eit gjennomsnittleg uttak over året på 1,04 m³/min (17,3 l/s).

Planområdet inngår i sin heilheit i det regulerte området til Skipavika Næringspark.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Bård Andreas Selstad Ottesen
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Mottakarliste:

Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane
Gulen kommune
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
Norges Jeger- og Fiskerforbund - Sogn og Fjordane
Norges Miljøvernforbund
Norsk Ornitologisk Forening Sogn og Fjordane
Statsforvaltaren i Vestland
VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kopi:

SKIPAVIKA NÆRINGSPARK AS